

## **Endringsframlegg - tiltak for å redusere bekymringsfullt fråvær sett i samanheng med motivasjon og mobbing - nytt framlegg**

Robert Kaupang Sæle

1. Det vert i samband med budsjett og økonomiplan for 2024 fremma ein opptrappingsplan med målsetting om at alle skulane skal ha tilsett miljøterapeutar eller fagpersonell med tilsvarande kompetanse innan 2028. Det skal utarbeidast retningslinjer for denne stillinga.
2. Det vert i løpet av året etablert eit felles system for systemarbeid, kartlegging og samhandling kring arbeidet med uønskt skulefråvær og skulevegning.
3. Det er sett av midlar, kr 1,5 millionar årleg, til å jobbe med tiltak for å redusere skulefråværet og styrke læringsmiljøet i skulane. Midlane vert nytta til:
  - Styrke PP-tenesta i arbeidet med fråværsproblematikk og skulevegning på systemnivå.
  - Styrke FOR i arbeidet med enkeltsaker i Familieråd i skulane.
  - Styrke det systematiske arbeidet i dei mest alvorlege sakene i eit felles team.
4. Det vert sett inn tiltak for å auke tilbodet med alternative opplæringsarenaer. Gjennomføring og finansiering vert å koma attende til i samband med årsbudsjettet.
5. Den årlege kvalitetsmeldinga frå den einskilde skule skal omtale arbeidet med mobbeproblematikk, skulevegning og bruk av miljøterapeutar.